

Årsmelding 2005 for Norsk Bane AS

1. Hovudpunkt i den politiske utviklinga

I 2005 kunne ein for første gong sjå tydelege teikn på eit paradigmeskifte i jarnbanepolitikken. Arbeidet til Norsk Bane AS synte viktige resultat i m.a. både dei politiske partia sine landsmøtevedtak, utviklinga i "utredningen av høyhastighetsbaner i Norge", fagmiljøa sine haldningar og utspel, og merksemda i mediene.

– Landsmøtevedtak våren 2005

Året før hadde Norsk Bane AS lagt ned eit stort planfagleg og politisk arbeid i store delar av landet. Det medverka sterkt til talrike innspel frå lokal- og fylkeslag til landsmøta i ei rekkje parti, og til breie fleirtal våren 2005 for valprogram med ein ny kurs i jarnbanepolitikken – med større vekt på langdistansetraffikk og høg fart. Senterpartiet vil no "arbeide for et høgfartskonsept tilpasset norske forhold", SV vil "legge til rette for overføring av reisende og gods fra fly til tog ... mellom de store befolkningskonsentrasjonene i Sør-Norge", Venstre meiner at "aktiv satsing på høyhastighetstog er nødvendig for å redusere veksten i flytransport og bilbruk", og KrF vil "gjøre toget konkurransedyktig, også i forhold til fly". Også i andre parti, i sær Arbeidarpartiet, auka engasjementet for ein ny jarnbanepolitikk, men utan å kome til uttrykk i landsmøtevedtak.

– Regjeringsskiftet

Den politiske plattformen for den nye regjeringa fekk ei nokså generell utforming. Rett nok ønskjer ein å "utrede prosjektfinansiering for sammenhengende [...] utbygging av nye jernbanestrekninger", men høgfartsbaner vart ikkje nemnde. Derimot klarte Norsk Bane AS – m.a. ved å utarbeide talrike notat om konkrete baneløysingar – å byggje opp eit tillitstilhøve mellom selskapet og den nye politiske leiinga, i sær i Samferdsledepartementet.

– "Utredningen av høyhastighetsbaner i Norge"

Den 21.3.05 bad Samferdsledepartementet Jernbaneverket (Jbv) om ei "Utredning av høyhastighetsbaner i Norge", trass i at Stortinget året før hadde bede om ei *uhilda* utgreiing. Mandatet hadde heller ikkje fått det grunnleggjande perspektivet som Stortinget hadde sett for seg. Det vekte reaksjonar. 21.4.05 bad fylkestinget i Sør-Trøndelag om eit nytt mandat for utgreiingsarbeidet. Saka kom òg opp i Stortinget, m.a. etter innspel frå Norsk Bane AS. 11.5.05 fann statsråd Skogsholm det riktig å korrigere mandatet.

Om lag samstundes fekk Norsk Bane AS brev frå Jbv. Ein ville gjerne nytte Norsk Bane AS sin kompetanse til utgreiingsarbeidet. Men det vart ikkje slik. I slutten av juni fann Jbv ut at ein ville lyse ut heile utgreiingsarbeidet. Utlysingsteksten lét derimot vente på seg.

Utover hausten fekk Norsk Bane AS fleire meldingar som tilsa å følgje Jbv sitt opplegg for utgreiingsarbeidet svært nøye. Før sommaren hadde Norsk Bane AS medverka til å avverje fleire uheldige føringar, men eit habilt og kompetent utgreiingsarbeid var ikkje sikra enno. Tilbodstevlinga byrja først 12.5.06, 14 månader etter oppdraget frå departementet.

– Utviklinga i fagmiljøa

I januar lukkast det for første gong sidan etableringa av Norsk Bane AS å møte leiinga i Jernbaneverket. Det var starten på ein varsam dialog. I mai fekk Norsk Bane AS t.d. god

respons på innspelet sitt til Jbv sitt handlingsprogram. Ein hadde òg eit møte i november om behovet for endringar i Jbv sine planar.

NSB hadde alt i 2004 byrja å endre haldning. Utover våren og sommaren 2005 lanserte NSB togreisetider som til dels var identiske med Norsk Bane AS sine ambisjonar og som krev ein annan infrastruktur enn Jbv planlegg. Samarbeidet mellom NSB og Norsk Bane AS utvikla seg utover seinsommaren i retning av bistand til utforming av ein infrastrukturpolitisk plattform for NSB. Men i oktober bad NSB-leiinga om ein tenkjepause. Dialogen vart ført vidare våren 2006, men i ei anna og meir generell form.

Samstundes styrka Norsk Bane AS samarbeidet med fleire andre organisasjonar, m.a. Naturvernforbundet og "For Jernbane". Førstnemnde gjekk i mai for første gong i historia mot ein skilde av Jbv sine baneprosjekt – og for ei grundig vurdering av Norsk Bane AS sine framlegg.

– *Mediene*

Norsk Bane AS var i 2005 svært godt synlig i mediene. Målt i talet på oppslag, er det snakk om ei tidobling i høve til 2003 (som òg var eit aktivt år med valkamp). Det skuldast m.a. utvidinga av selskapet sitt plan- og informasjonsarbeid til mest heile landet, mange innspel om høgfartsbaner òg frå personar utan tilknytning til Norsk Bane AS (m.a. frå Snøhetta-arkitekt Kjetil T. Thorsen), ein stendig breiare opinion for moderne kommunikasjonar i store delar av landet, ein del negative debattinnlegg som gav opphav til reaksjonar og ei rekkje større redaksjonelle oppslag (m.a. eit femsiders i Haugesunds Avis). Norsk Bane AS fekk òg presentert Haukelibanan på NRK Telemark i mai, og i september i fagbladet "På Sporet".

2. Presentasjonar

I 2005 var styret og dagleg leiar i Norsk Bane AS i personleg dialog med svært mange:

Partiorganisasjonar: Rogaland Unge Høgre (3.3.), Sør-Trøndelag Venstre (17.3.), Rogaland AP (31.5.), Skien AP (6.6.), Framstegspartiet i Borre og Horten (13.10.) og Sauda AP (9.11.).

Næringsorganisasjonar og verksemder: NHO, Siri Bjerke (15.2.), Næringsforeningen i Trondheim (17.3.), Midt-Telemark Næringsutvikling (12.5.), Småtinget til NHO (30.8.), Bedriftsforbundet i Hordaland (11.10.), Suldal Næringshage og Suldal Reiselivslag (10.11.) og Eramet, Bernt Jarle Dolmen (11.11.).

Fagmiljø: Jernbaneverket, etatsleiinga (12.1.), Norsk Jernbaneforbund (15.2.), NSB v/ visekonsernsjef Rolf Roverud (2.5.), NSB planseksjonen (13.6.), NSB fagmøte (7.9. og 28.9.) og Jernbaneverket, utredningsavd. (16.11.).

Kommunar og fylke: planutvalet i Vinje kommune (12.10.), teknisk etat i Holmestrand kommune (13.10.), utviklingskomitéen i Odda kommune (9.11.) og Sauda formannskap (9.11.).

Opne møte: Universitetet i Stavanger (3.3.), BI Nydalen, Oslo (6.9.), "Drømmebyen Bergen" (5.10.), Tysvær SV, Aksdal (6.10.), Vinje SV, Åmot (12.10.) og Høgskulen Stord Haugesund (11.11.)

I tillegg kjem ei rad uformelle møte med kommunale representantar, journalistar, firma for filmproduksjon / nettsideutvikling, fagfolk innan jarnbane, aksjonærar, osb. Fleire av styremedlemene var òg i andre relevante møte, m.a. i Stortinget, men då primært som utsendingar for sine respektive partilag.

3. Anna informasjonsarbeid

Våren 2005 fullførde Norsk Bane AS i samarbeid med profesjonell assistanse eit rammeverk for nye og meir tiltalende internettsider. Utfordringa var likevel å tenkje ut ein pedagogisk og oversiktleg informasjonsstruktur og fylle rammeverket med innhald. Trass i verdfull og veder-

lagsfri bistand frå fleire av aksjonærane kom ein 2005 ikkje langt nok for å kunne leggje ut eit samanhengande sett av nye websider. Det skuldast først og fremst den akselererande politiske utviklinga. Det vart mange fleire kontaktar å halde vedlike, mange fleire saker å følgje opp og mange fleire førespurnader om informasjon og ekspertise å svare på. T.d. auka talet på både inn- og utgåande epost med 80 %, samanlikna med 2003.

Av same grunn vart det heller ikkje noko av planane om brosjyrar og konferansar, sjølv om ein til oppslaget i "På Sporet" utarbeidde illustrasjonar òg med tanke på bruk i ein brosjyre.

4. Planarbeid

Norsk Bane AS utarbeidde i 2005 svært detaljerte traséplanar for eitt av dei mest kritiske avsnitta i det planlagde Dovrenettet, Otta – Oppdal, og for Vestfoldbanen nord for Sandefjord. Ein granska òg nye trasévariantar for Haukelibanen, i sær i Tysvær, Haugesund og Sauherad kommunar.

5. Om selskapet sine organ

Generelt

Den høge møteaktiviteten til styret og dagleg leiar har påført det ytre miljøet påkjenningar i form av ureiningar frå transportmidlar. Andre påkjenningar vart ikkje registrerte.

Aksjonærane

Norsk Bane AS hadde 193 aksjonærer pr. 31.12.05 og ein aksjekapital på kr. 2.250.000. Det svarer til eit innskott på kr. 11.660 pr. aksjonær i gjennomsnittet. Blant aksjonærane var 13 kommunar eller kommunale selskap som til saman eigde 50,6 % av aksjekapitalen. På generalforsamlinga 14.6.05 var 60 % av aksjonærane representerte, anten personlege eller gjennom fullmakter.

Styret

Norsk Bane AS hadde våren 2005, fram til generalforsamlinga 14.6.05, følgjande styre: Kjell Stundal (leiar), Einar Velde, Erling Svalastog, Per Espen Fjeld, Torfinn Opheim (nestleiar), Sigrid Brattebø Handegard og Gunnar Moland. På generalforsamlinga valde ein tre nye medlemar som erstatning for dei tre sistnemnde: Laura Selveit, Bjørn Vivelid og Terri Senior. Styret har hatt fem møte: 18.1., 11.5., 14.6., 11.10. og 29.12., det siste som telefonmøte. Styremedlemene mottok ikkje godtgjersle eller kompensasjon for tapt arbeidsinntekt i 2005, men betalte tvert imot alle utgiftene, t.d. reiser, av eiga lomme. Især styreleiar Kjell Stundal la ned ein stor uhonorert arbeidsinnsats.

Dagleg leiar

Norsk Bane AS hadde i 2005 éin tilsett, dagleg leiar Jørg Westermann. Det vart ikkje registrert sjukefråvær eller skader. Dagleg leiar fekk løn for om lag 20 % stilling i 2005, men la òg ned ein omfattande uhonorert arbeidsinnsats.

Revisor

Hans Grønnestad hjå Deloitte AS i Haugesund var Norsk Bane AS sin revisor i 2005, på same vis som i åra før.

6. Økonomi

Norsk Bane AS hadde i 2005 samla inntekter på kr. 265.409, og utgifter på kr. 277.162. Det resulterte i eit driftsunderskot på kr. 11.753 – eller kr. 8.462, om ein tek omsyn til innsparinga av skatt ved framtidige driftsoverskot. Både inntektene og utgiftene skil seg vesentleg frå det budsjettet som generalforsamlinga vedtok om lag midtvegs i året 2005. Ein hadde den gongen von om oppdrag frå m.a. Jernbaneverket og/eller NSB, men det vart det altså ikkje noko av, jfr. pkt. 1, "utviklinga i fagmiljøa".

I november valde Norsk Bane AS difor å søkje om økonomisk støtte for både 2005 og 2006. Før årsskiftet fekk ein positive svar frå Vindafjord kommune (kr. 20.000), Sauda kommune (kr. 40.000), Midt-Telemark Næringsutvikling (kr. 50.000), Suldal kommune (kr. 40.000), Vinje kommune (kr. 60.000), Tysvær kommune (kr. 10.000), Seljord kommune (kr. 15.000), og Odda kommune (kr. 30.000), etter årsskiftet frå Jondal kommune (kr. 20.000), Tokke kommune (kr. 30.000), Etne kommune (kr. 10.000), Kvam herad (kr. 20.000) og Bykle kommune (kr. 30.000), til saman kr. 375.000. Tilsegnene hadde likevel svært ulike bindingar for når ein fekk bruke pengane – berre i 2005, berre i 2006, eller i begge åra. Det resulterte i eit driftsunderskot pr. 31.12.05, sjølv om ein alt før årsskiftet visste at eigenkapitalen i selskapet pr. 1.1.06, fråtrekt langsiktig gjeld, ville bli større enn aksjekapitalen – slik vedtektene krev.

Samstundes var tilsegnene baserte på eit budsjett som skapte vonar om eit klart høgare aktivitetsnivå enn ein normalt kunne ha nådd med dei faktiske inntektene. Norsk Bane AS valde difor m.a. å stogge lønsutbetalingane til dagleg leiar ved ca. kr. 85.000 og bruke dei disponible midlane i staden til reiser og andre føremål ein trengte for å kunne drive arbeidet med full styrkje.

Det er elles verdt å nemne at Norsk Bane AS ikkje fekk eitt positivt svar på dei sju søknadene til næringslivet. At det ikkje er ført opp tilsegner frå nokon av fylkeskommunane, skuldast derimot at det ikkje vart sendt søknader til fylkeskommunar i 2005.

Rekneskapan for 2005 er basert på at verksemda til Norsk Bane AS vil halde fram.

7. Oppsummering

Gjennom Norsk Bane AS sitt arbeid i 2005 har høgfartsbaner fått ein fast plass på den politiske dagsordenen. Norsk Bane AS arbeider no i lag med sterke krefter i politikk og fagmiljø. Samstundes utgjer selskapet sitt utilstrekkelege økonomiske fundament eit alvorleg trugsmål for den vidare framdrifta.

Ålesund, 19.6.2006

Kjell Stundal
styreleiar

Einar Velde
nestleiar

Laura Seltveit
styremedlem

Erling Svalastog
styremedlem

Per Espen Fjeld
styremedlem

Bjørn Vivelid
styremedlem

Terri Senior
styremedlem

Norsk Bane AS
Resultatrekneskap

Note	2005	2004
<i>Driftsinntekter og driftskostnader</i>		
	218.780	344.117
	218.780	344.117
3	96.459	188.000
3	180.703	171.604
	277.162	359.604
	-58.382	-15.487
	46.629	46.393
	46.629	46.393
	-11.753	30.906
2	-3.291	8.654
	-8.462	+22.252
<i>Overføringer</i>		
	-8.462	+22.252
	-8.462	+22.252

Norsk Bane AS

Balanse

Note		2005	2004
	<i>Eigendelar</i>		
	Anleggsmidler		
2	Utsett skatteføremøn	131.831	128.540
	Sum immaterielle eigendelar	131.831	128.540
	Sum anleggsmidler	131.831	128.540
	Omløpsmidlar		
	Kundefordringar	223.768	0
	Andre fordringar	51.250	4.372
	Bankinnskot, kontantar o.l	1.988.549	2.174.004
	Sum omløpsmidlar	2.263.567	2.178.376
	Sum eigendelar	2.395.398	2.306.916

Norsk Bane AS

Balanse

Note	2005	2004
<i>Eigenkapital og gjeld</i>		
Innskoten eigenkapital		
Aksjekapital	2.180.000	2.134.000
Overkursfond	6.338	6.408
Ikkje-registrert kapitalutviding	70.000	
Sum innskoten eigenkapital	2.256.338	2.140.408
Opptent eigenkapital		
Annan eigenkapital	-338.993	-330.531
Sum opptent eigenkapital	-338.993	-330.531
1 Sum eigenkapital	1.917.345	1.809.877
Gjeld		
Langsiktig gjeld elles	422.000	450.000
Sum langsiktig gjeld elles	422.000	450.000
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	3.785	0
Skattetrekk og andre trekk	1.277	2.489
Anna kortsiktig gjeld	50.991	44.550
Sum kortsiktig gjeld	56.053	47.039
Sum gjeld og eigenkapital	2.395.398	2.306.916

Ålesund,

Kjell Stundal
styreleiar

Einar Velde
nestleiar

Laura Seltveit
styremedlem

Erling Svalastog
styremedlem

Per Espen Fjeld
styremedlem

Terri Senior
styremedlem

Bjørn Vivelid
styremedlem

Norsk Bane AS

Noter til rekneskapen for 2005

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med føresegnene i rekneskapslova og reglane som følgjer av rekneskapsskikk.

Fordringar

Fordringane er førde opp i balansen med fordringa sitt pålydande etter frådrag for konstaterte og venta tap.

Utsett skatt

Utsett skatt i resultatrekneskapen er skatt kalkulert ut frå endringar i mellombelse skilnader mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar, og inngår som ein del av selskapet sine totale skattekostnader. Utsett skatt er sett av som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skatteføremon overstig utsett skatt, er utsett skatteføremon teke med i balansen dersom kriteriene for balanseføring er stetta.

Note 1 – eigenkapital

	Aksje- kapital	Eigne aksjar	Over- kursfond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 1. januar 2005	2.134.000	0	6.408	-330.531	1.809.877
<u>Endring i eigenkapitalen i året:</u>					
Kapitalutviding, registrert	46.000	0	-1.820	0	45.930
Kapitalutviding, ikkje-registrert	70.000	0	1.750	0	70.000
Årsresultat	0	0	0	-8.462	-8.462
Eigenkapital 31. desember 2005	2.250.000	0	6.338	-338.993	1.917.345

Aksjekapitalen i selskapet pr. 31.12.2005 består av følgjande aksjeklassar:

	Antal	Pålydande	Bokført
A-aksjar, inkl. registret kapitalutv.	2.180	1.000	2.180.000
A-aksjar, ikkje-registrert kapitalutv.	70	1.000	70.000
Sum	2.250		2.250.000

Norsk Bane AS

Noter til rekneskapen for 2005

Eigarstruktur

Dei største aksjonærane i selskapet pr. 31.12.2005 var:

	A-aksjar	Sum aksjar	Eigarandel	Røysteandel
Vinje kommune	200	200	8,9 %	8,9 %
Sauda kommune	200	200	8,9 %	8,9 %
Suldal kommune	200	200	8,9 %	8,9 %
privat aksjonær	111	111	4,9 %	4,9 %
Bø kommune	100	100	4,4 %	4,4 %
Odda kommune	100	100	4,4 %	4,4 %
Notodden Utvikling AS	99	99	4,4 %	4,4 %
Sauda Sparebank	75	75	3,3 %	3,3 %
privat aksjonær	60	60	2,7 %	2,7 %
Einar Velde	56	56	2,5 %	2,5 %
Sauherad kommune	50	50	2,2 %	2,2 %
Bø Sparebank	50	50	2,2 %	2,2 %
privat aksjonær	50	50	2,2 %	2,2 %
Tokke kommune	50	50	2,2 %	2,2 %
NAF Sauda og Suldal	50	50	2,2 %	2,2 %
Bykle kommune	50	50	2,2 %	2,2 %
Haugesunds Handelskammer	50	50	2,2 %	2,2 %
Etne kommune	50	50	2,2 %	2,2 %
Etne Sparebank	25	25	1,1 %	1,1 %
Sum > 1 % eigarandel	1.626	1.626	72,3 %	72,3 %
Sum øvrige aksjonærer	624	624	27,7 %	27,7 %
Totalt antal aksjar	2.250	2.250	100,0 %	100,0 %

Aksjar og opsjonar eigde av styremedlemar og dagleg leiar:

Namn	Verv	A-aksjar
Kjell Stundal	Styreleiar	10
Einar Velde	Nestleiar	56
Erling Svalastog	Styremedlem	10
Per Espen Fjeld	Styremedlem	3
Bjørn Vivelid	Styremedlem	1

Norsk Bane AS

Noter til rekneskapen for 2005

Note 2 – skattekostnad

Skattekostnaden i år består av:

Betalbar skatt	0
Endring utsett skatt	-3.291
Total skattekostnad i år	-3.291

Utsett skatt	<u>31.12.05</u>	<u>1.1.05</u>	<u>Endring</u>
Netto grunnlag	-470.824	-459.071	-11.753
Utsett skatt 28 %	-131.831	-128.540	-3.291

Alle mellombelse skilnader vil ein kunne utlikne, og dette er gjennomført i kalkylen av utsett skatt.

Note 3 – Tilsette, godtgjersle, lån til tilsette, m.m.

Lønskostnadene består av følgjande postar:

Lønskostnader	2005	2004
Løn	84.538	164.769
Folketrygdsavgift	11.921	23.231
Sum lønskostnader	96.439	188.000

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 1

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	93.134	0

Revisor

Det er kostnadsført revisjonshonorar på kr. 4.700 i 2005.

Posteringsdokumentasjon pr. 31.12.2005 – Norsk Bane AS

Nr.	Postering	Beløp	Debet	Kreditt
Disponeringar				
D5	Utsett skatt	3.291,00	1070 Utsett skatteføremon	8320 Endring utsett skatt
D22	Overført frå eigenkapital	22.252,12	2080 Udekt tap	8990 Overf. til udekt tap

Norsk Bane AS

Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2005	2004
Salsinntekter		
3000 Salsinntekt, avgiftspliktig	-75.280,00	0,00
3190 Ref.bare utlegg for kjøpers rekn.	-1.000,00	-4.117,40
3400 Driftstilskot	-142.500,00	-340.000,00
	-218.780,00	-344.117,40
Lønskostnader m.m.		
5000 Løn til tilsette	75.480,00	147.115,00
5180 Opptente feriepengar	9.058,00	17.654,00
5182 Arb.gj.avg.av opptente feriep.	1.277,00	2.489,00
5400 Arbeidsgjevaravgift	10.644,00	20.742,00
	96.459,00	188.000,00
Annan driftskostnad		
6300 Leige kontorlokale	18.300,00	19.650,00
6340 Lys og varme kontor	2.066,07	2.113,35
6700 Revisjonshonorar	4.700,00	6.700,00
6790 Andre framande tenester	32.411,00	100,00
6800 Kontorrekvista	5.467,04	3.338,71
6810 Kopiering	0,00	1.468,15
6840 Faglitteratur	2.215,00	1.959,09
6890 Kontorutstyr og vedlikehald	24.216,99	17.260,76
6900 Telefon	13.464,40	15.291,66
6940 Porto	2.260,00	1.921,77
7100 Bilgodtgjersle, oppgåvepliktig	21.220,80	26.400,00
7140 Dokumenterte reiseutlegg	31.871,73	47.182,81
7150 Diett innland, utan overnatting	2.440,00	4.560,00
7151 Diett innland, med overnatting	11.360,00	12.865,00
7152 Natt-tillegg innland	5.200,00	5.600,00
7320 Reklamekostnader	0,00	1.343,95
7390 Annan salskostnad	710,00	3.799,03
7710 Styremøte og generalforsamling	2.800,00	0,00
7770 Bankomkostningar	0,00	50,00
7798 Andre driftskostnader	0,00	0,00
	180.703,03	171.604,28

Norsk Bane AS

Spesifikasjon av resultatrekneskapen

	2005	2004
Finansinntekter		
8040 Renteinntekt	-46.629,04	-46.393,00
8060 Valutavinst	0,00	0,00
	<u>-46.629,04</u>	<u>-46.393,00</u>
Skattekostnad		
8320 Endring utsett skatt	-3.291,00	8.654,00
	<u>-3.291,00</u>	<u>8.654,00</u>
Overført til udekt tap / til dekning av ...		
8990 Overført til udekt tap / til dekning av ...	-8.461,99	22.252,12
	<u>-8.461,99</u>	<u>22.252,12</u>

Norsk Bane AS

Spesifikasjon av balansen

	2005	2004
Utsett skatteføremøn		
1070 Utsett skatteføremøn	131.831,00	128.540,00
	131.831,00	128.540,00
Kundefordringar		
1500 Kundefordringar	223.767,64	0,00
	223.767,64	0,00
Andre fordringar		
1780 Krav på innbetaling av aksjekapital	51.250,00	0
2740 Oppgjerskonto mva.	0,00	4.372,44
	51.250,00	4.372,44
Bankinnskot, kontantar o.l.		
1930 Aksjekapitalkonto 2711.13.68134	1.984.378,31	2.173.952,00
1935 Overkurskonto 2711.13.65933	6,36	9,50
1936 Driftskonto 2711.13.69998	4.164,27	27,49
1950 Skattetrekkskonto 2711.13.71607	0,00	15,00
	1.988.548,94	2.174.003,99
Aksjekapital, berre inkl. reg. kapitalutv.		
2000 Aksjekapital, 2.180 aksjar à kr. 1.000	-2.180.000,00	-2.134.000,00
	-2.180.000,00	-2.134.000,00
Overkursfond		
2020 Overkursfond	-6.338,50	-6.408,50
	-6.338,50	-6.408,50
Ikkje registrert kapitalutviding		
2021 Aksjekapitalutv., 70 aksjar à kr. 1.000	-70.000,00	0,00
	-70.000,00	0,00
Annan egenkapital		
2080 Udekt tap	-338.993,47	-330.531,48
	-338.993,47	-330.531,48

Norsk Bane AS

Spesifikasjon av balansen

	2005	2004
Langsiktig gjeld elles		
2290 Annan langsiktig gjeld	-422.000,00	-450.000,00
	-422.000,00	-450.000,00
Leverandørgjeld		
2410 Leverandørgjeld	3.785,04	0,00
	3.785,04	0,00
Skattetrekk og andre trekk		
2600 Forskotstrekk	0,00	0,00
2770 Skuldig arbeidsgjevaravgift	0,00	0,00
2780 Påløpt arbeidsgjevaravgift	-1.277,00	-2.489,00
	-1.277,00	-2.489,00
Annan kortsiktig gjeld		
2911 Gjeld til tilsette	-3.253,78	-11.721,42
2912 Gjeld til privatpersonar	0,00	-1.025,00
2940 Skuldig feriepengar	-9.058,00	-17.654,00
2740 Oppgjerskonto mva.	-11.178,74	0,00
2980 Avsetn. framtidige forpliktingar	-27.500,00	-14.150,00
	-50.990,52	-44.550,42

Til generalforsamlingen i Norsk Bane AS

REVISJONSBERETNING FOR 2005

Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Bane AS for regnskapsåret 2005, som viser et underskudd på kr 8.462,-. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av selskapets økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Haugesund, 19. juni 2006

Deloitte



Hans Grønnestad
statsautorisert revisor